

Fra: Nina Uthaug
Sendt: søndag 20. august 2023 22:22
Til: Post Austrheim
Emne: Merknad ved utbygging Nordlihøgda Omsorgsbustader

Austrheim Kommune
v/Stian Marøy prosjektleiar for Nordlihøgda bustader

Klage på borestøv på vår eiendom G/br. Nr 142/92

Det har dei siste to vekene vore stor aktivitet på min nabotomt i Sætre marka 12. Eg har i den samanheng registrert at heile min eigendom no er dekkja av fint borestøv frå dykkar igangsatte bygging på nabotomta.

Eg har vanskar for å forstå at ein utbyggjar har løyve til å gje ein nabo så store ulemper som det eg har hatt den siste veka med borestøv.

Det er ikkje særleg hyggelig å komme heim til slike tilstander. Eg har sidan eg overtok eigendomen lagt mykje tid, pengar og ikkje minst arbeid i å få det fint og ryddig rundt oss. Seinast i sommar vart både hus og pergola malt.

Uteplassen eg har mot dykk er ein del av mitt buareal frå april til oktober, og ein plass me nyttar så sant veret tillet det.

No er det støv på og i plen, busker, kjøkkenhagen, terrassen, inngangsparti, pergola, terasse, blomster. Jamvel både på og inni huset.

Lufting og bruk av terassedør på dagtid har desse vekene vore heilt utelukka

Legg ved nokre bilder som viser korleis det såg ut fredag 18.8

Hagen og uteplassen denne helga vart ikkje nytta.



Det finns ingen sikring for dykkar tiltak mot min eigendom for slike plager.

Eg må be at utbygger tar tak i dette snarast.

Ber og om dykkar utredning for kva tiltak de skal gjere for å gjere min eigendom bebueleg, utbetre og gjenoppretta normale tilstander.

Eg tar det som sjølvsgatt at det ikkje er eg som skal gjere og bekoste denne jobben.

Høyrer frå Dykk!

Med venleg helsing

Nina Uthaug,
Sætremarka 12

Sendt fra [E-post](#) for Windows